

VEDLEGG 1: Saksutgreiing og vedtak til styremøte i Hardanger og Voss museum sak 6/14

Styremøte 7.1.14

SAK 6/14. ENDRING AV STYRINGSSTRUKTUR I HARDANGER OG VOSS MUSEUM

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Konsulent Trygve Nordby har i rapporten sin kome med vel 40 ulike anbefalingar for organisasjonen Hardanger og Voss museum. Eit av hovudankepunktta hans er at styringsstrukturen til Hardanger og Voss museum ikkje er optimal. Hovudutfordringa slik han ser det kan summerast opp slik:

1. heile styringsstrukturen i museet er bygd opp rundt dei gamle musea og slik sementere den avdelingsmessige strukturen i museet som gjer det vanskeleg å samla seg mot felles mål.
2. utan eit felles oppnemnande organ kan ein ikkje sikra styret naudsynt variasjon og komplementaritet når det gjeld kompetanse.
3. museet er har ingen forpliktande binding til kommunane som er den viktigaste partnaren for museet.

Anbefalingane til Nordby på dette området er referert i sin heilheit under. Når det gjeld grunngjevinga blir det vist til rapporten til Nordby. Nokre av argumenta er også henta frå den interne evalueringa i 2010.

Nordby sine anbefalingar

Rådet

- Rådets formelle «årsmøtefunksjon» bør styrkes, ved at rådet gis reelle funksjoner i forhold til overordnet strategi og valg av styre og styreleder.
- Vedtekten bør endres slik at rådet velger styret etter innstilling fra en valgkomite på bakgrunn av en instruks med kompetansekrav fastsatt av rådet.
- Fylkeskommunen bør få en direkte plass i rådet og det bør løses opp i at kommunene nødvendigvis skal være representert ved ordførere eller varaordførere.

Styret

- Det anbefales å gjøre de nødvendige formelle endringene som skal til for å etablere HVMs styre som et kompetansebasert styre. Styret trenger sterke stemmer som er uavhengig av det enkelte besøkssted. Et eksempel på hvordan kompetansekrav til styremedlemmene kunne utformes og tas inn i instruksen for en valgkomite følger som vedlegg 3.
- Man bør søke å få ned antallet styremedlemmer som i dag er vel høyt når det gjelder

- betydningen av å ha et samlet kollegium som først og fremst har fokus på helheten. Et maks antall, inklusive ansattevalgte styremedlemmer bør settes til sju.
- Styreinstruksen bør klart stadfeste hva som forventes av det enkelte medlem og av et samlet styre. Ikke minst gjelder dette en understrekning av at alle i styret må representere helheten og styrets kontrolloppgaver så vel som støttefunksjon i forhold til daglige leder. Her bør også listes opp hvilke årlege rapporter styret skal motta.
 - Det bør gjennomføres systematisk opplæring av nytt styre. Styret bør årlig evaluere seg selv og direktøren.
 - Det bør en gang i året arrangeres en konferanse hvor styret sammen med museets toppledelse drøfter og utvikler viktige tema for museets framtid.
 - Det bør settes en maksimal funksjonstid for alle styremedlemmer (inklusiv styreleder) for å sikre nødvendig fornying. Den kan for eksempel settes til åtte år.

Prosess

Styret som øvste organ i ei stifting, er i utgangspunktet suveren til å gjøre framlegg til endring av vedtekten. Det er likevel stiftingstilsynet som tar den endelige avgjersla om endringsforsлага er lovlege.

Hardanger og Voss museum er ei stifting der det er inngått samarbeidsavtaler med stiftarane (eigarstyra) om overtaking av driftsansvaret for dei ulike institusjonane. Ei av føresetnadane i denne avtale er at dei ulike stiftarane skal velje representantar både til styret og til rådet, og styresamansetninga er slik ein del av samarbeidsavtala.

Denne avtalestrukturen inneber at alle eigarstyra i utgangspunktet må vere einige om vedtektsendringane før endringane kan gjennomførast. Alternativet er at samarbeidsavtala blir sagt opp og at eigarstyret i ytste konsekvens må trekke avdelinga ut av Hardanger og Voss museum. Ei utmelding av Hardanger og Voss museum er regulert i samarbeidsavtala og vedtekten.

Eg vil i denne saka komme til foreslå at styret vedtar endring av vedtekten og at samarbeidsavtalene blir tilpassa desse endringane. Når styret har gjort sitt vedtak blir framlegga oversendt eigarstyra som behandlar dei i sine fora og sender dei tilbake til hovudstyret i løpet av mars 2014. Etter dette må det eventuelt forhandlast med dei eigarstyra som ikkje ynskjer å endra styringsstrukturen.

Endring av styret

Forsлага inneber endringar av vedtekten både i forhold til styret og rådet. Endringsforsлага er gjort greie for i detalj i vedlagt notat av 9.12.13.

Når det gjeld endring av styret gjeld dette i all hovudtrekk talet på styremedlemmer frå 10 til 7, og endring av dei organa som nemnar opp til styret. I dag er det eigarstyra som nemner opp representantar til styret.

Det vil sei at me har sju ulike organ som nemnar opp til styret. 1 medlem er val av Hordaland fylkeskommune, 6 medlemmer er vald av eigarstyra og 3 er vald av dei tilsette. Det er ikkje hensiktsmessig å ha eit så stort styre. Eit effektivt styre bør ikkje overstig 7 personar. Når ein som i dag har eit styre på 10 personar, der det blir skifta ut styremedlemmer tilnærma kvart år, vil dette også vera utfordrande for samarbeid og integriteten til styret som kollegium. I tillegg er det ressurskrevjande å administrera eit så stort styre.

Det blir gjort framlegg om at styret blir redusert til 7 personar der 1 blir vald av Hordaland fylkeskommune, 4 blir vald av rådet etter framlegg frå ei valnemnd (sjå under), og 2 blir vald av og bland dei tilsette. Det vil vere naturleg at følgjande forhold blir veklagd når ei valnemnd skal finne nytty styre:

- a. Kandidatane sin kompetanse, erfaring og personlege eigenskapar i forhold til den til ein kvar til gjeldande instruks til valnemnda.
- b. At kulturfagleg, økonomisk og juridisk kompetanse er representert.
- c. At alle regionane i Hardanger og Voss er representert

Eigarstyra vil etter omlegginga kunne påverke oppnemning av styret gjennom rådet sine vedtak.

Eg vil ikkje kome til å fremje forslag om at styrekometansen skal vedtektsfestas, dette vil vere del av den instruksen valnemnda til ein kvar til vil arbeide etter.

Endring av rådet

I rådet til Hardanger og Voss museum sit alle ordførarane i Hardanger og Voss, og representantar frå eigarstyra, til saman 20 representantar. Dei møtast ein gong i året der dei får årsmelding og planar til uttale. I tillegg blir det teke opp strategiske saker som er viktig for museet.

Me meiner at rådet bør få ein utvida funksjon som eit samla organ for å nemne opp medlemmer til styret i Hardanger og Voss museum. Rådet må også velje ei valnemnd som skal koma med framlegg til styrrepresentantar etter ei styrevedteken kravspesifikasjon.

Etter endringa som skissert vil posisjon til rådet bli lik den lova skisserer i § 36:

Lov om Stiftelser: III. Andre organer

§ 36. Vedtektsbestemmelser om at stiftelsen skal ha andre organer enn styre og daglig leder

I vedtekten kan det bestemmes at stiftelsen skal ha andre organer enn styre og daglig leder.

Vedtekten kan fastsette at slike organer skal ha myndighet til:

- a) å velge styremedlemmer og til å avsette styremedlemmer når vilkårene i § 29 annet ledd er til stede. Dette gjelder likevel ikke styremedlem som skal velges eller er valgt av de ansatte
- b) å fastsette styremedlemmenes godtgjørelse
- c) å føre tilsyn med stiftelsens virksomhet;

- d) å avgi uttalelse om årsregnskapet og årsberetningen;
- e) å beslutte gransking;
- f) å velge stiftelsens revisor;
- g) å beslutte omdanning av stiftelsen etter forslag fra styret;
- h) å avgi uttalelse til styret eller annet organ i stiftelsen.

Vedtekten kan også fastsette at stiftelsen skal ha et saksforberedende, rådgivende eller besluttende organ som fullt ut er underlagt styrets omgjørings- og instruksjonsmyndighet.

Annen myndighet enn det som følger av annet ledd, kan ikke legges til slike organer.

Reglene i § 37 om inhabilitet og § 40 om godtgjørelse gjelder tilsvarende for medlem av organ som nevnt i paragrafen her.

Omdanning

Ein kvar endring av vedtekten til ei stifting er etter lova å rekna som Omdanning, og lova sine krav om omdanning gjeld. Det er stiftingstilsynet som avgjer om ein er innafor lova i endringsforsлага.

Under finn de § 46 som er den viktigaste å ta omsyn til:

Lov om Stiftelser: § 46. Vilkår for omdanning

Omdanning kan foretas når en bestemmelse i vedtekten eller den rettslige disposisjonen som danner grunnlaget for stiftelsen

- a) ikke lar seg etterleve, for eksempel fordi stiftelsens kapital er utilstrekkelig til å tilgodese dens formål på en rimelig måte,
- b) er åpenbart unyttig,
- c) er i strid med hensikten i den disposisjonen som danner grunnlaget for stiftelsen, for eksempel fordi oppretterens forutsetninger for bestemmelsen har sviktet, eller
- d) er åpenbart uehdig eller åpenbart uformuig.

Dersom bestemmelsen ikke gjelder formålet med stiftelsen, og det ellers må antas at det ved opprettelsen ikke er lagt vesentlig vekt på den, kan omdanning skje når bestemmelsen viser seg å være uehdig eller uhensiktsmessig.

Det er ikkje vanskeleg å argumentera for vedtektsendringa, og det er særleg punkt d) som er aktuell for oss og som det i søknaden til Stiftingstilsynet vil bli argumentert for.

Framlegg til instruks for valnemnda

Fylgjande instruks kan nyttast til valnemnd jf nye vedtekter § 10.

Valmenda skal komme med framlegg om fire personar med vara som dei innstille til styrrepresentantar for Hardanger og Voss museum.

1. Når valnemnda utarbeider sine framlegg skal ein leggja vekt på:

- innspel på kompetansebehov frå styret
- kandidatens kompetanse, erfaring og personlege eigenskapar

- at kulturfagleg, økonomisk og juridisk kompetanse bør vere representert.
 - at alle regionane i Hardanger og Voss er representert.
2. Det er rådet i Hardanger og Voss museum som vel styrerrepresentantar.

Samarbeidsavtalene

Endring av samarbeidsavtalene er ikkje gått særskilt igjennom i denne saka. Samarbeidsavtalene må tilpassast og harmoniserast med nye vedtekter.

Framlegg til vedtak:

1. Styret i Hardanger og Voss museum vil endra vedtektena slik det er gjort greie for i saksutgreiinga.
2. Styret i Hardanger og Voss museum ber eigarstyra godkjenne vedtektsendringane slik dei er presentert i styresak 4/14 innan utgangen av mars 2014.
3. Styret ber administrasjonen harmonisera samarbeidsavtalane med dei nye vedtektena, og leggje dei fram for eigarstyra.

VEDLEGG 2. Saksutgreiing med vedtak frå rådsmøte 7.1.2014

RÅDSMØTE I HARDANGER OG VOSS MUSEUM 7. JANUAR 2014

Sak 3: Framlegg til endring av vedtekten for Hardanger og Voss museum.

Oppsummering saksutgreiing sak 3

Hardanger og Voss museum har i 2013 gjennomført ein organisasjonsevaluering. Konsulent Trygve Nordby har kome med eit sett anbefalingar til museet, mellom anna i høve den overordna styringsstrukturen. Han meiner at eit av hovudproblemet ligg i råds- og styrestrukturen. Ved at eigarane nemner opp styremedlem kvar for seg er det vanskeleg å sikra brei kompetanse i styret, og rådet har ingen formelle oppgåver. Strukturen medfører også ein betydeleg sentrifugalkraft i museet framfor at alle arbeider mot det same målet, i tillegg er det ingen formelle bindingar mellom museet og kommunane som representerer den viktigaste brukargruppa.

Hovudendringane i vedtekten vil derfor vere:

1. Rådet nemner opp styremedlemmer til Hardanger og Voss museum, og nemner opp styreleiar.
2. Rådet set ned valnemnd som arbeider etter instruks frå styret.
3. Styret reduserast til 7 medlemmer.

Hordaland fylkeskommune nemner opp eit medlem. Rådet nemner opp fire medlemmer og dei tilsette to.

Fylgjande innspel kom fram i møtet

Rådet er einstemmig positiv til framlegg om endring av vedtekten.

Rådet ser det som naturleg at utarbeiding av instruks/retningslinjer til valnemnd blir lagt til rådet så lenge det er dei som set ned valnemnd og vel styre. Utarbeidninga bør skje i dialog med det sittande styret.

Rådet støttar framlegget om at dei vel styreleiar direkte.

Rådet ynskjer at ein skal halde fram med ordninga der ordførarane representerer kommunane i rådet.

Ein ser det ikkje som naturleg at det skal vedtektsfestas at heile regionen skal vere representert i styret.

Samrøystes vedtak:

Rådet slutter seg til budsjett for Hardanger og Voss museum for 2014 med dei innspela som kom fram i møtet.

VEDLEGG 3. Framlegg til endring av vedtekter for Hardanger og Voss museum.

NOTAT OM ENDRING AV VEDTEKTENE TIL HARDANGER OG VOSS MUSEUM

Dato: 24.1.14

Av: Trude Letnes

Gamle vedtekter	Framlegg til nye vedtekter Endringar er merka ut i raudt.
Vedtekter Stiftinga Hardanger og Voss museum Fastsett i styremøte 9. desember 2008, sak 42/08 og 46/08	Vedtekter Stiftinga Hardanger og Voss museum Fastsett i styremøte
§ 1 Namn Namnet på stiftinga er Hardanger og Voss museum.	§ 1 Namn Namnet på stiftinga er Hardanger og Voss museum.
§ 2 Føremål Stiftinga Hardanger og Voss museum skal ivareta museumsfunksjonar for dei institusjonane	§ 2 Føremål Stiftinga Hardanger og Voss museum skal ivareta museumsfunksjonar for dei institusjonane som har særskilde avtaler med

<p>som har særskilde avtaler med stiftinga. Museet skal driva innsamling, bevaring, forsking og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid.</p>	<p>stiftinga. Museet skal driva innsamling, bevaring, forsking og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid.</p>
<p>Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekks skal museet vera med å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsmilne skal museet vera ein open møtestad der publikum kan studera, oppleva og finna utfordringar. Hardanger og Voss museum skal arbeida for ei samordning av arkiv, bibliotek- og museumstenestene i regionen.</p>	<p>Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekks skal museet vera med å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsmilne skal museet vera ein open møtestad der publikum kan studera, oppleva og finna utfordringar. Hardanger og Voss museum skal arbeida for ei samordning av arkiv, bibliotek- og museumstenestene i regionen.</p>
<p>Hardanger og Voss museum skal driva eit nasjonalt senter for fartøyvern. Museet har også ansvar for eit sosialpedagogisk tilbod, retta i hovudsak mot vanskelegstilt ungdom.</p>	<p>Hardanger og Voss museum skal driva eit nasjonalt senter for fartøyvern. Museet har også ansvar for eit sosialpedagogisk tilbod, retta i hovudsak mot vanskelegstilt ungdom (Skal ut, jf. vedtak om nedlegging).</p>
<p>Museet skal vera medlem i Norges Museumsforbund og fylgja ICOM sitt museumsetiske regelverk og ta del i regionalt, nasjonalt og internasjonalt museumsnettverk.</p>	<p>Museet skal vera medlem i Norges Museumsforbund og fylgja ICOM sitt museumsetiske regelverk og ta del i regionalt, nasjonalt og internasjonalt museumsnettverk.</p>
<p>Museet skal yta fagleg hjelp i museums- og kulturminnevernspørsmål til kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss.</p>	<p>Museet skal yta fagleg hjelp i museums- og kulturminnevernspørsmål til kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss.</p>
<p>§3 Grunnkapital</p> <p>Grunnkapitalen er kr. 228 600.</p>	<p>§3 Grunnkapital</p> <p>Grunnkapitalen er kr. 228 600.</p>
<p>§4 Organisasjon</p>	<p>§4 Organisasjon</p>

<p>Hardanger og Voss museum er eit konsolidert museum som etter særskilde avtalar har ansvar for økonomi, personal og anna drift ved Stiftelsen Agatunet, Granvin Bygdemuseum, Hardanger Fartøyvernsenter, Hardanger Folkemuseum, Ingebrigts Vik Museum, Kvam Bygdemuseum, Tusenårsstaden i Hordaland Kabuso og Voss folkemuseum.</p>	<p>Hardanger og Voss museum er eit konsolidert museum som etter særskilde avtalar har ansvar for økonomi, personal og anna drift ved Stiftelsen Agatunet, Granvin Bygdemuseum, Hardanger Fartøyvernsenter, Hardanger Folkemuseum, Ingebrigts Vik Museum, Kvam Bygdemuseum, Tusenårsstaden i Hordaland Kabuso og Voss folkemuseum.</p>
<p>Hardanger og Voss museum kan etter søknad ta opp nye institusjonar i Hardanger og Voss som har eit føremål som samsvarar med eit konsolidert Hardanger og Voss museum.</p>	<p>Hardanger og Voss museum kan etter søknad ta opp nye institusjonar i Hardanger og Voss som har eit føremål som samsvarar med eit konsolidert Hardanger og Voss museum.</p>
<p>Som konsolidert museum har stiftinga driftsansvar for nemnde museum. Det skal vedtakast særskilde avtalar mellom dei enkelte musea og stiftinga Hardanger og Voss museum. Hardanger og Voss museum har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette. Kvart einskild museum har sjølv eigedomsretten til bygningar, gjenstandar, arkiv o.a. i avdelingane.</p>	<p>Som konsolidert museum har stiftinga driftsansvar for nemnde museum. Det skal vedtakast særskilde avtalar mellom dei enkelte musea og stiftinga Hardanger og Voss museum. Hardanger og Voss museum har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette. Kvart einskild museum har sjølv eigedomsretten til bygningar, gjenstandar, arkiv o.a. i avdelingane.</p>
<h2>§ 5 Styret</h2> <p>Styret for stiftinga Hardanger og Voss museum skal ha 10 medlemer med varamedlemmer som vert valde på følgjande måte:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. 1 medlem og 1 personleg varamedlem vald av styra for Agatunet og Granvin Bygdemuseum i fellesskap 2. 1 medlem og 1 personleg varamedlem vald av styra for Kvam bygdemuseum og Ingebrigts Vik Museum i fellesskap 3. 2 medlemmer og 2 personlege varamedlemer valde av styret i Hardanger Fartøyvernsenter 4. 1 medlem og 1 personleg varamedlem vald av styret ved Hardanger 	<h2>§ 5 Styret</h2> <p>Styret har 7 medlemer og 4 varamedlem som vert valde på følgjande måte:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. 1 medlem med varamedlem vald av Hordaland fylkeskommune 2. 4 medlemer og to varamedlem i prioritert rekkefylge vald av rådet for Hardanger og Voss museum. 3. 2 medlemmer med varamedlemer vert valde av og mellom dei tilsette. <p>Styret blir vald for 4 år rekna frå årsskiftet. Styremedlem som har sete samanhengande i 8 år, kan ikkje veljast på nytt. Funksjonstida</p>

<p>Folkemuseum</p> <p>5. 1 medlem og 1 personleg varamedlem vald av Hordaland fylkeskommune/Tusenårsstaden.</p> <p>6. 1 medlem og 1 personleg varamedlem vald av styret ved Voss folkemuseum.</p> <p>7. 3 medlemer og 3 varamedlemer valde av og mellom dei tilsette.</p>	<p>for representanten frå Hordaland Fylkeskommune fylgjer den fylkeskommunale valperioden. Første gongen skal tre av styremedlemane, etter loddtrekking, veljast for 2 år.</p> <p>Styret bør vere representert med minst 40% av kvart kjønn.</p>
<p>Styremedlem og varamedlem vald av Hordaland Fylkeskommune/Tusenårsstaden vert vald for 4 år og fylgjer den kommunale valperioden.</p> <p>Styremedlemer og varamedlemer valde av dei andre institusjonane og av dei tilsette, vert valde for to år om gongen. Styra og dei tilsette skal ha vald sine representantar innan 1.4.</p>	<p>Styret held møte når leiari finn det naudsynt eller når minst 3 av styremedlemane ber om det.</p> <p>Styret er vedtaksført når minst 4 styremedlemer er til stades på møtet. Ved likt røystetal har leiaren avgjerande røyst.</p>
<p>Styret vel leiari og nestleiari for eit år om gongen.</p> <p>Første gongen skal tre av styremedlemane, etter loddtrekking, veljast for eit år.</p>	
<p>Dei som vel medlemmer til styret bør samrå seg på førehand slik at styret som vert valt har minst 40% av kvart kjønn.</p>	
<p>Styret held møte når leiari finn det naudsynt eller når minst 5 av styremedlemane ber om det.</p> <p>Styret er vedtaksført når minst 6 styremedlemer er til stades på møtet. Ved likt røystetal har leiaren avgjerande røyst.</p>	
<p>§ 6 Styret sitt ansvar og mynde</p> <p>Styret er stiftinga sitt øvste organ.</p> <p>Styret sine oppgåver er å</p>	<p>§ 6 Styret sitt ansvar og mynde</p> <p>Styret er stiftinga sitt øvste organ, og skal leie arbeidet med stiftinga i samsvar med føremålet.</p>

<ol style="list-style-type: none"> 1. Tilsetja direktør 2. Vedta budsjett, årsmelding og rekneskap. 3. Vedta langtidsplanar og årsplanar. 4. Velja revisor i tråd med § 9. 5. Handsama saker vert lagd fram for styret av direktør eller styremedlemer. 6. Styret skal utarbeida styreinstruks 	<p>Styret sine oppgåver er å</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Tilsetja direktør 2. Vedta budsjett, årsmelding og rekneskap. 3. Vedta langtidsplanar og årsplanar. 4. Velja revisor i tråd med § 11. 5. Handsama saker vert lagd fram for styret av direktør eller styremedlemer. 6. Styret skal utarbeida styreinstruks
<h3>§ 7 Direktør</h3> <p>Direktør skal følgja dei retningslinene og pålegg som styret gjev. Vedkomande skal syta for at stiftinga sitt rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter, og at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte. Direktør er sekretær for styret og tek del i styremøta med tale - og framleggsrett.</p>	<h3>§ 7 Direktør</h3> <p>Direktør skal følgja dei retningslinene og pålegg som styret gjev. Vedkomande skal syta for at stiftinga sitt rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter, og at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte. Direktør er sekretær for styret og tek del i styremøta med tale - og framleggsrett.</p>
<h3>§ 8 Rådet</h3> <p>For å sikra lokal forankring, fagleg breidde, god kommunikasjon og informasjonsutveksling mellom Hardanger og Voss museum, dei enkelte museumsstya og kommunane, skal det vera eit råd for Hardanger og Voss museum. Representantar for styret tek del i rådet sine møte med talerett. Tilsette kan ikkje veljast til rådet.</p> <p>Rådet skal ha 19 medlemer som skal oppnemnast på følgjande måte:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ordførarane i Hardanger og Voss er faste medlemer i rådet, med varaordførarane som varamedlemer 2. Årsmøtet i Agatunet vel 1 medlem og 1 varamedlem 3. Styret ved Granvin Bygdemuseum vel 1 medlem og 1 varamedlem 4. Styret for Ingebrigts Vik Museum vel 1 medlem og 1 varamedlem 5. Styret for Kvam Bygdemuseum vel 1 	<h3>§ 8 Rådet</h3> <p>For å sikra lokal forankring, fagleg breidde, god kommunikasjon og informasjonsutveksling mellom Hardanger og Voss museum, dei enkelte museumsstya og kommunane, skal det vera eit råd for Hardanger og Voss museum. Representantar for styret tek del i rådet sine møte med talerett. Tilsette kan ikkje veljast til rådet.</p> <p>Rådet skal ha 19 medlemer som skal oppnemnast på følgjande måte:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ordførarane i Hardanger og Voss er faste medlemer i rådet, med varaordførarane som varamedlemer 2. Årsmøtet i Agatunet vel 1 medlem og 1 varamedlem 3. Styret ved Granvin Bygdemuseum vel

<p>medlem og 1 varamedlem</p> <p>6. Medlemsmøtet i Hardanger Folkemuseum vel 2 medlemer og 2 varamedlemer</p> <p>7. Partseigarane i Hardanger fartøyvernsenter vel 2 medlemer og 2 varamedlemer</p> <p>8. Tusenårsstaden i Hordaland/Hordaland fylkeskommune vel 1 medlem og 1 varamedlem</p> <p>9. Styret i Voss folkemuseum vel 2 medlemmer og 2 varamedlemmer</p>	<p>Dei valde rådsmedlemene og varamedlemene vert valde for 4 år om gongen. Første gong skal halvparten etter loddtrekking vera på val etter 2 år. Ordførerane i rådet fylgjer den kommunale valbolken. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar for 2 år om gongen.</p>	<p>Rådet skal gje uttale til styret om:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Årsrekneskap og årsmelding 2. Langtidsplanar og årsplanar 3. Andre planar som styret legg fram for rådet <p>Rådsleiar kallar inn til møte i rådet minst ein gong i året, eller oftare dersom styret eller rådsleiaren finn det nødvendig, eller eigarane ønskjer det.</p>
	<p>1 medlem og 1 varamedlem</p> <p>4. Styret for Ingebrigts Vik Museum vel 1 medlem og 1 varamedlem</p> <p>5. Styret for Kvam Bygdemuseum vel 1 medlem og 1 varamedlem</p> <p>6. Medlemsmøtet i Hardanger Folkemuseum vel 2 medlemer og 2 varamedlemer</p> <p>7. Partseigarane i Hardanger fartøyvernsenter vel 2 medlemer og 2 varamedlemer</p> <p>8. Tusenårsstaden i Hordaland/Hordaland fylkeskommune vel 1 medlem og 1 varamedlem</p> <p>9. Styret i Voss folkemuseum vel 2 medlemmer og 2 varamedlemmer</p>	<p>Dei valde rådsmedlemene og varamedlemene vert valde for 4 år om gongen rekna frå årsskiftet. Første gong skal halvparten etter loddtrekking vera på val etter 2 år. Ordførerane i rådet fylgjer den kommunale valbolken. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar for 2 år om gongen.</p> <p>Ny § 9 Rådet sitt ansvar og mynde Rådet skal velja 4 styremedlemmer og 2 varamedlemmer i prioritert rekkefylgje til styret i Hardanger og Voss museum. Rådet vel styreleiar og nestleiar for 2 år av gongen. Rådet skal velja medlemmer til valnemnda og utarbeide retningslinjer/kompetansekrav for nemnda i samarbeid med styret.</p> <p>Rådet skal gje uttale til styret om:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Årsrekneskap og årsmelding ➤ Langtidsplanar og årsplanar ➤ Andre planar som styret legg fram for rådet <p>Rådsleiar kallar inn til møte i rådet minst ein gong i året, eller oftare dersom styret eller rådsleiaren finn det nødvendig.</p>

§ 9 Revisor

Revisor for museet skal vera registrert/statsautorisert og skal veljast kvart år.

§ 10 Eigedom

Stiftinga har bruksretten til museumsgjenstandar, eigedomar og bygningar i tillegg til maskiner og driftsutstyr elles. Eigedomsretten ligg hjå heimelshavarane som inngår samarbeidsavtaler med stiftinga Hardanger og Voss museum.

§ 11 Vedtektsendringar

§ 2 og § 11 kan berre endrast etter samråystes vedtak i styret.

Elles kan styret når alle møter, gjera vedtak om endring av vedtekter med 7 av 10 røyster.

Framlegg til vedtektsendringar skal sendast til rådet for uttale før endeleg vedtak i styret.

§ 12 Opplysing.

Opplysing av stiftinga skal følgja reglane i lov om stiftingar som gjeld på det aktuelle tidspunkt. Dette gjeld også fordeling av eigedom som stiftinga har ved dette tidspunktet.

Ny § 10 Valnemnd

Hardanger og Voss museum skal ha ei valnemnd med 3 medlemmer. Valnemnda blir valt av rådet og sit i 3 år. Kvart år går den ut som har fungert lengst, dei to første åra ved loddtrekking.

Valnemnda si oppgåve er å førebu vala som skal utførast av rådet.

Valnemnda arbeider etter instruks vedtatt av rådet.

§ 11 Revisor

Revisor for museet skal vera registrert/statsautorisert og skal veljast kvart år.

§ 12 Eigedom

Stiftinga har bruksretten til museumsgjenstandar, eigedomar og bygningar i tillegg til maskiner og driftsutstyr elles. Eigedomsretten ligg hjå heimelshavarane som inngår samarbeidsavtaler med stiftinga Hardanger og Voss museum. Hardanger og Voss museum har eigedomsretten til museumsgjenstandar, eigedomar og bygningar innkjøp etter 1.1.2012.

§ 13 Vedtektsendringar

§ 2 og § 11 kan berre endrast etter samråystes vedtak i styret.

Elles kan styret når alle møter, gjera vedtak

	<p>om endring av vedtekter med 5 av 7 røyster.</p> <p>Framlegg til vedtektsendringar skal sendast til rådet for uttale før endeleg vedtak i styret.</p>
	<p>§ 14 Oppløysing.</p> <p>Opplysing av stiftinga skal følgja reglane i lov om stiftingar som gjeld på det aktuelle tidspunkt. Dette gjeld også fordeling av eigedom som stiftinga har ved dette tidspunktet.</p>